

## **Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 26.11.2015**

**Alexander Fosse Andersen** sette fram følgjande forslag til nytt pkt. 3:

«Ved langsiktige avtalar med kommunar som sikrar store nok klassar vil ein vurdera oppretting av desentraliserte studietilbod».

### **Røysting**

Administrasjonen sitt forslag vart samråystes vedteke saman med Andersen sitt tilleggsforslag.

### **Vedtak**

1. Følgjande tiltak vert sett i verk for å betre den økonomiske situasjonen ved Hordaland helsefagskole:
  - Spisse fagtilbodet – berre annonser to til tre tilbod kvar haust.
  - Starte store klassar med inntil 30 studentar, minimum 25.
  - Gå i dialog med kommunane om kva tilbod som blir starta opp, ikkje gje for mange alternativ å velje mellom.
  - Alle tilbod blir tilbydd i Bergen – rekruttering frå Bergen og omlandskommunane.
  - Evaluere resultat av tiltaka undervegs og ha tett oppfølging og dialog i høve til kva tilbod som skal startast opp.
2. Eventuelle økonomiske ekstraløyvingar blir handsama i eiga sak om tilbodsstruktur for Fagskolane i Hordaland.
3. Ved langsiktige avtalar med kommunar som sikrar store nok klassar vil ein vurdera oppretting av desentraliserte studietilbod.